Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Skav. Fylke: Vestagder

Tilleggsspørsmålnr. Herad:

Emne: Bygdelag: Konsmo, Bjelland

Oppskr. av: Rachel Thomassen Gard:

(adresse): St. Olavs pl I v 334 Oslo. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både eiga og eldre.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Rusleböi, brom, skav og lurvlauv.

2 Saunnamn eller lyenur ne ikkje

3 Skava, skjer, skov, skave

4 Ja. Det var vanleg å skava kvar vår

5 Det var mest osp; men rann og eik og, når der ikkje var nok osp. – Eikebork var litt fårleg, for dersom kröhera fekk for mykje, kunne dei kasta kalven for tidleg. Alm bruka dei å fletta av tea om våren når borken gjekk. Då kabba dei borken små og sla kokande vatn på han og gav kune. Det mjölka dei sært godt av.

6 Ospa vart kalla skjerling.

7 Nei.

8. Det var sjeldan dei fekk så mykje skav at dei kunne gi det til hesten og sauene. Det galt om å få kuene til å gi så mykje mjölk som råd. Skavet fekk dei anten for ulv eller höiet

9 Ja dei fekk meir mjölk og lyne la på seg; men smöret vart kvitare på fargen dersom dei gav for mykje skav.

8971

10 Var dei i beit for høy, laut dei dra til skogs for å finna skjevlingar. Det var sjeldan mangel på ved då i leggdene.

12 Dei kalla det skavved.

13 Nei. det ordet kjenner me ikkje.

14 Ukjent på langfredag. Dei tenka skav ved på vårparten, eller så snart dei kong det.

15 Dei sat for det meste i stova.

16 Dei brukte ein sund broten ljå som dei sette skaft på, hennesenna langkniv eller tollekniv. Dei hadde handtak i båe endar når det var store bestammar som dei skov. Dei kalla det bandekniv han såg slik ut:




Men til minde greiner bruka dei å halda kniven i høgre hand og skjevlingen i den andre. Det var svært mykje bruka å setja skaft på ein skutljå til dette bruk.

17 Var veden ikkje altfor tjukk, sette dei seg på ein krakk og skytta enden av veden mot veggen eller dørstokken. Var stokkane store bruka dei sagkrakk. Dei stod skrefs over skjevlingen og bruka bandekniven fyrst i eine enden, så snudde dei seg og tok andre enden, medan dei dreia på stokken, så dei fekk med alt.

Nokon sette ein stamn på golvet til tobet, so han stod godt fast. Med høgre handa heldt dei små sjevlingar og med venstre heldt dei kniven med odden attanfor stamnen. So drog dei skjevlingane

8971

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mot eggen so flisene fauk. Dette gjekk så radig og greit.

19 Dei som tuka å sitja, hadde ein svart låg krakk å sitja på so dei kunne rekka ut føtene og ståda skjevlingen med tresbome eller anna fotby.

20 Skavved var det vanlege.

21 Skav var namnet på alt.

22 Dei skav litt av kvart og kjeppane, eller stabbane måtte måtast til passe lang ved etter at dei vart turre.

23 Dei kallast skjevleved. Er det svart tykke tre kalla dei det tubbar

24 Det er bare borken som vert tukt, ikkje noko av treet. — Der var ikkje noko gjetord om nokon skav= meistar.

25 Dei tukke mest veden til omnsved og på skorsteinen

26 Dei nå er det ingen som skjed lenger. Det sisste og lengar det vart tuka, var omlag 1905–10.

Det var sers tung nadrama å koma inn i ei stove der dei sat og skav. Det lukta godt av borken og den kvite fine veden virka so frisk og rein. Borna laga mange rare ting både av borken og greinene, so det var heile fakket iaslerid dei dagane skavinga stod på

R. Thomassen

/.

8971

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Tilleggsliste til nr 7.

1 4. Ja det var alltid meir merg i
beina på ei ku som hadde fenge
godt med skav, især almeskav.
Prisskilnaden var so ymse, det
kom mest an på handlaren, kor
snart han var.

2 Nei dette ha me ikkje høyrt tale
om

3 Dette e ikkje røynd; men smågri-
sene e svært lettefine i første
levetia, så det e ikkje utruleg.

4 Det var ingen regel for skavinga;
men det var godt og dårleg bygår
som avgjorde kor mykje skav dei
laut ha.

5 Nei slik kniv bruka dei ikkje i
våre bygder det var anten ~~rett~~
~~tollekniv~~ eller litt krum ljåkniv
elle laudekniv.
Dei bruka laudekniven til å
sanka bondeskav. Dei sette skaven
i ein smiekrakk og tok kambane
av han med kniven. Til skeir og
bitmande bruka dei sjesag

6 Nei det kjenner me ikkje til.

7. Dei som ikkje hadde skavved hadde
sjeldan bule for det heller for dei
hadde så få dyr

8 Ja det var tekne tunsgro både til
lauv-ved, lyngslått og skavved.

9 Dei kunne lære ta skavved der dei
åtte trea.

10 Der e ingen hus minner.

11 Skavkelle e ikkje kjent.

12 Nei det e litt for gammalt, kanske i tekseleia.

R. Th.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
8972